

FUSA KOMMUNE
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	Dato:
	Sak/dok.: 06/02893-33	17.10.2018
	Ark.: 326.12	

Vedtak i namnesak 2016/3 - Abotnes og Tjørn - Fusa kommune

I samband med adresseringsarbeidet i Fusa kommune reiste kommunen namnesak for to gardsnamn for å avklara skrivemåten før namna vart tekne i bruk som adressenamn. Saka har vore på lokal høyring, der kommunen har kunnngjort saka, og ho har deretter vore til tilråding hjå stadnamntenesta. Kartverket gjer med dette vedtak i saka.

Vedtak

Med heimel i lov om stadnamn § 5 tredje ledd vedtek Kartverket Bergen at namna skal skrivast slik:

- *Tjørn* (gard 51)
- *Tjørn* (bruk 51/1, 2, 3, 5 og 6)
- *Abotnes* (gard 125)
- *Abotnes* (bruk 125/1)

Juridisk grunnlag

Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn er hovudregelen at det skal takast utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og at namnet skal normerast etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikke skyggja for meiningssinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I rettleinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det gjevne utfyllande reglar om normering av stadnamn. Det må takast omsyn til det som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før, normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal spela inn, og serskilt ynsket til eigaren skal vektleggjast når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer ligg innanfor regelverket.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekte skrivemåtar. Vedtak som gjeld stadnamn får ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn, og slektsnamn skal heller ikkje påverka skrivemåten av stadnamn.

Høyringssvar og vurdering

I samband med den lokale høyringa kom det høyringssvar frå Fusa kommune og frå to grunneigarar på gardsnr. 125.

Tjørn/Kjønn/Tjønn

Namnet på gardsnr. 51 har /kjødn/ som lokal uttale etter opplysningane i bokverket Norske Gaardnavne av Oluf Rygh, og dette vert òg stadfest i bygdeboka *Soga for Fusa, Hålandsdal og Strandvik* og av høyringssvaret frå kommunen. Til grunn for namnet ligg ordet *tjørn* f. 'lite vatn', jf. Berhovdatjørna, som ligg ved garden. Gamalnorsk form av namnet var *Tjørn*. Gardsnamnet er skriva *Kjønn* i 1886-, 1907- og 1950-matrikkelen og i dagens matrikkel. *Kjønn* er òg brukt på økonomisk kartverk frå 1986. I kartserien gradteigskart er namnet skriva *Tjørn* i alle fem utgåver frå 1929 til 1973, og skrivemåten *Tjørn* er òg nytta i alle fem utgåver av Norge 1:50 000 frå 1952 og fram til i dag. I bygdeboka er *Kjønn* nytta som skrivemåte med *Tjønn* i parentes.

Det kom ikkje høyringssvar frå nokon av grunneigarane i denne saka. Kommunen peikar på at skrivemåten *Kjønn* òg gjev andre assosisasjonar enn 'ei tjørn', og at dette venteleg er grunnen til at nokon har valt å endra skrivemåten av

slektsnamnet frå *Kjønn* til *Tjønn*. Dei skriv at den mest dialektnære forma ville vera *Tjødn*, men peikar på at skrivemåten må fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. § 4 i lov om stadnamn. Dei konkluderer med å tilrå *Tjønn*, som dei meiner er både ei dialektnær, men samstundes ei normalisert form. Stadnamntenesta skriv at namnet kjem av ordet *tjørn*, og at det difor ikkje bør skrivast *Kjønn*. Dei nemner vidare at *Tjønn* er registrert som godkjend skrivemåte av gards- og bruksnamn andre stader, t.d. i Vest-Telemark, men peikar på at folk der faktisk uttalar namnet som /tjønn/ både i stadnamn og i samnamn. Dette ordet vert uttalt /tjødn/ på Sør-Vestlandet, og dei meiner at den vanlege normeringsforma *tjørn* ligg nærmare denne uttaleforma. Dei tilrår difor at gardsnamnet vert skrive *Tjørn*.

Kartverket vurderer til liks med Stadnamntenesta at skrivemåten *Tjørn* betre representerer uttalen /tjødn/ enn det skrivemåten *Tjønn* gjer, for uttalen /-dn-/ er vanleg uttale av konsonantsekvensen -rn- frå gamalnorsk i denne delen av landet. Skrivemåten *Tjønn* ville soleis vera noko misvisande for uttalen. Skrivemåten *Tjørn* har vore nytta i kart i lang tid, og elles er det i hovudsak *Kjønn* som har nokon skrifttradisjon for dette namnet. I § 1 i lov om stadnamn er det presisert at skriftforma ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. Skrivemåten *Tjørn* vert fastsett i samsvar med skrifttradisjonen, norsk rettskriving og Stadnamntenesta si tilråding.

Abotnes/Abotenes/Åbotenes

Namnet på gardsnr. 125 kjem frå gamalnorsk *Ábótanes*, av *ábóti* m. 'abbed' og ordet *nes* n. I Norske Gaardnavne er det opplyst at namnet har uttalen /å bótenese/, men Stadnamntenesta skriv at i ei stadnamnsamling frå Fusa som dei har arkivert hjå Universitetet i Bergen (UiB), er *Abotnes* stadfest som munnleg gardsnamnform. I bygdeboka *Soga for Fusa, Hålandsdal og Strandvik 1* frå 1961, s. 426 står det derimot oppgjeve at det er *Abottenes* «som dei oftast segjer». Øystein Solstad, som kjem frå grannegarden Sundfjord, opplyser til Kartverket pr. telefon at dei lokal berre nyttar kortforma (i) *Neset* /ne:'se/ om garden, men at *Abotnes* /a:'botne:s/ vert nytta i slektsnamnet som kjem derifrå. Han har aldri høyr *Åboteneset* eller *Abottenes* som uttale.

Namnet er skrive *Aabotenes* i 1886-, 1907- og 1950-matrikkelen, medan det er skrive *Abotenes* i dagens matrikkel. I gradteigskarta er *Aabotenes* nytta i alle utgåver frå 1929 til 1973, og dessutan i fyrste utgåve av Norge 1:50 000 (N50) frå 1952. I dei tri neste utgåvene av N50 frå 1981 til 2002 er *Åbotenes* nytta, medan *Abotnes* er brukt i den siste utgåva frå 2011. I økonomisk kartverk er *Abotnes* nytta som skrivemåte.

Egil Eide, grunneigar på bruk 125/1, har sendt inn eit kart frå 1961, der skrivemåten er *Aabotenes*, og eit skyldskifte frå 1937 der *Abotenes* er nytta. Han kjem ikkje med noko ynske om skrivemåte. Nils Bernt Ljones, som er grunneigar på eit anna bruk på garden, skriv at den lokale nedervde uttalen utan tvil er *Abotnes*. Han finn skrivemåten *Abotnes* og dels *Abotenes* i kyrkjebøkene attende til 1800-talet, som han har lagt ved kopi frå, og han viser elles til at dei som hadde etternamn frå garden, skreiv namnet som *Abotnes*. Ljones meiner at namnet aldri har vorte uttalt *Aabotenes* lokalt, slik Oluf Rygh hevdar, men at *Abotnes* er rett skrivemåte ut frå den lokalt nedervde uttalen. Kommunen skriv at dei ikkje ser nokon grunn til å endra den namnebruken som i dag er innarbeidd, og rår til at *Abotnes* vert valt som skrivemåte. Stadnamntenesta tilrår *Abotnes* på grunnlag av skrivemåten i namnesamlinga dei har frå Fusa, og dei meiner at namnet ikkje har vokalfuge i den munnlege tradisjonen.

Kjeldene er motstridande når det gjeld uttalen av dette namnet, men det kan sjå ut til at det berre er *Abotnes* og kortforma *Neset* som framleis er i bruk i dag. /a:'botne:s/ er truleg ein skriftpåverka uttale som er påverka av slektsnamnet frå staden. Sidan fuge-e i *Abote-* ofte førekjem i gamle kjelder, og dette er nytta både i uttaleopplysninga frå Norske Gaardnavne og i den lokale bygdeboka, verkar det sannsynleg at namnet opphavleg hadde slik fuge-e i uttalen. Men etter definisjonen på nedervd, lokal uttale i § 2 i lov om stadnamn, er det eit krav til slik uttale at han «framleis er i levande bruk», og det ser ikkje ut til å vera tilfellet i denne saka. Både kommunen og Nils Bernt Ljones meiner at *Abotnes* i dag er innarbeidd namneform i både skrift og tale, og det meiner òg Stadnamntenesta. *Abotnes* vert fastsett i samsvar med lokal uttale, lokale ynske og Stadnamntenesta si tilråding.

Vidare saksgang

Dei endelege konsekvensane kan ikkje trekkjast før vedtaket i dette brevet er endeleg, dvs. at klagefristen er ute utan at nokon klagar på vedtaket, ev. etter at eventuelle klagesaker er ferdig handsama.

Når same namnet er nytta om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der desse namna vert nytta.

Kommunen sender relaterte adressenamnedtak til Kartverket på vanleg måte, slik at me kan leggja namna inn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Kommunen er òg pliktig til å leggja vedtekne skrivemåtar av bruksnamn inn i matrikkelen.

Me vil minna om dei reglane stadnamnlova har om **plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar**, jf. § 9, spesielt fyrste setning, som har denne ordlyden: *Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.* Det vil seia stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 10 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Kommunen skal senda melding om vedtak som gjeld skrivemåten av bruksnamn til eigarane av dei bruka det gjeld.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namn på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved gyldig dokumentasjon.

Klage

Etter § 10 i lov om stadnamn kan vedtak om skrivemåten påklagast av dei som etter § 5 fyrste ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren. Dersom denne meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Eventuell klage skal stilast til Klagenemnda for stadnamnsaker og sendast til Statens kartverk med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må ta for seg alle namn eller namneledd som klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som elles for namnesaker. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Venleg helsing

Anne Lien
fylkeskartsjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg region vest

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Stadnamntenesta på Vestlandet